Gla'song frå Gudbrandsdalen

Av og til er det berre slik at ein utan vidare forstår at "her er det ein som går rett heim".

Sann mine ord: Om ikkje lenge dansar heile Norge reinlender til "N'Hans og hånån" og Anne Kristin Stakstons blåklokkeklare tonar, og "Eit sliti kjøkengolv" blir ein attargangar blant ønskjeplatene på lokalsendinga.

Gudbrandsdalsjenta har det i genane. Bestefaren var Oddvar Nygård, musikar og komponist som med trekkspelet og kvartetten sin gjorde runddansmusikken frå denne delen av bygde-Norge til allemannseige i fjernsynets barndom.

Fleire av visene har ho frå bestefar Nygård, nokre har ho laga sjøl, og mange av tekstane har ho frå ein sambygding, den skrive-og taleføre, nå henfarne stortingsrepresentanten Einar Hovdhaugen.

Plata spenner vidt, frå spretne masurkaer til mollstemde nostalgiar, og Anne Kristins sopran tek vel vare på såvel tekst som melodi. Dyktige musikarar har ho òg med seg - som Finn Evensen med fløyte, gitar og munnspill, Olaf Kamfjord, bass, Rune Klakegg, piano, og Kjetil Skaslien, trekkspel.

CD:

Arv

ARTIST: Anne Kristin Stakston
Eigen produksjon

■■ TORE SKAUG